

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12

Fylke: Hedmark

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Elverum.

Emne: Gamal engkultur

Bygdelag: Bjørsetgrenda.

Oppskr. av: Olav Furuset.

Gard: Bjørsetlarangard.

(adresse): Jömna st.

G.nr. 1 Br.nr. 16-18.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *Delvis.*

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

*Olav Sandaker. 60 år. Bjørsetgrenda Jömna. Bondel.
Hans Bråten 82 - " - " - " - " Födrådsmann.*

SVAR

1). Ordet eng blir nytta. Ein har stadnamn som Løenga, Enga og Blomsterenga. Det er gardar som før har rori slått.

I sjølve Heradsbygda ligg det utslått nemst Glomma. No dyrker dei alle slags åkervekster der. Men for gammalt ser det ut til at dei berre vart nytta til engvekster. (Natureng da sjølsagt).

Glomma har alltid hatt lett for å gå inn på kverardi dei ligg så lågt. Desse slåttane blir kalla "Engen". Ein taler soleis om å reise ned på Engen for å slå, t. d.

Med ekre meiner vi eit oppdyrka jordstykke det veks høy på. Det kjem på eit ut anten det er kløver og timotei eller naturgras som veks der. Ill slått på garden utanom ekrene, så som veger, elvbrøtter, gardsplassen (funet) o. l. kallar vi skrapslått. Lomme kallar det hakkslått og.

Med atlegg meiner vi åker der det er sådd grasfri i botnen. Det er åker der det skal bli ekre til neste sumar.

Grovt høy kalle dei før ekerhøy.

Finkhøy kalle dei vøllhøy. Lomme sa småhøy.

Ein høyer ikkje så mye nemnt dette nå.

2
Ein skilde millom dei jamne flate slåttane,
«skårslåtter», og dei steinute ujamne som ein
kalk «hakkslåtter». Ordet hakkslått nytta
ein å om å slå veger, reiner, og etter skigarda
o. l.

2. På utslåtter rydde dei haust eller vår.
Ofte gjorde dei nok det i samband med
lauvtaking etter slåttanna. Ein «rothogg» med
øks og gjev. Kvist og rask la dei i dunger dei
kalte «kasavj», eller «kasabål». Flest kalte brunk
ein «kaså» om våren. Dette arbeide kalte ein
«å rø og brenne». Stein som stakk så mykje
opp av jorda at han var farleg for tjæen
brant dei opp og la i røs på skjer, eller
jordfaste steiner som var så store at ein
lot dei ligga. Det er vanleg å sjå slike
smårøyser på setrvøller og utslåtter. Det kan
ligga ein tvi fire mindre steinar og meir
oppå ein storstein her og der utover.

Mange av dei gamle seier det var ikkje nógge
om det var litt stein i slåttan om ein
gjødsla jamnt og passe ofte. «Tøllen vart så
fos», sa dei. «Steinane voks liksom ned så ein
ikkje merka nær til dei». Men slutta ein
med gjødslinga, gjekk det ikkje lengi før
ein vart vari stein at.»

3.) Dei brukte ofte å sope opp bøsse
i botn på høygobret om våren. Dette
solda dei, så det grove og lette kom ut,
og sådde frøet anten i gamal åker eller
i tynn eng. Første året vart det mest
syre, men sidan vart det bra gras
i årevis.

3

3 1880 åra kjøpte P. C. Løken og fleire av dei
fermeste gardbrukarane i Heradsbygda mäsahava
sa han Hans Bråten. (82 år 17/5-1949). Mäsahavene
kjørde dei over mäsaraksen eng og grudde opp
mäsain. Så raka dei opp mäsain og kjørde ha
bort i grindkjerer. Dei laga kompostdynger og
komposten brukte dei på vollen etter at
mäsain var borte. Da tomasfosfat og kainitt
kom i bruk brukte dei ein sekk av kvar
av desse slaga på målet til slik eng.

Henrik Oshagan i Bjørsetgrenda hadde
merka seg at skogklöveren (*Trifolium medium*
L), snery og skoggrøskvein (*Calamagrostis*
arundinacea og *C. pumilea*) voks så frodig
somme stader i jordet sitt. Så tok han
like godt og samla inn frø av desse
vokstane og sådde tilkoma med. Men det
vart ikkje nå serteleg utav det. Dette var så
tidleg at det ikkje var så vanleg å bruke ~~tratt~~
legg.

4) Tass-sjuk eng grøfta dei. Amund Kroken
(f. omlag 1808) hadde vori med å gjort lukkegrøft
i Bronka (i 1830-40 åra) Dei la ned tri runde stokkar
på kvarandre og dekkja dei med husmäsai og
granbar for dei makte på jorda. No og til laga
dei lukkegrøfter av stutte staver av tinnhala
som dei sette i kross i grøfta. Over la ein
mäsai og granbar for ein makte på jorda.
Dei lukka grøftene gjekk uti større grøfter
som var opne, sa han. (Etter Hans Bråten
som tente i Bronka i 1880 åra).



Så grasmyr laga dei myrsteigar. Ein kan
sjå mange av dei i sethane her i bygda.

4
I Björsetsetha t. d. finn ein myrteigar på fleire vøller. T. d. Jostuvøll, Bagåsuvøll, Bakkevøll og Engemorvøll. Likeeins i Kyksbergsvøll nedunder Borgåsen. Teigane i Björsetsetha er ca 15 meter breie. Mange av dei har vokst til med lauvskog nå.

Torperud hadde setervøll på Breimyra nord om Björsetsetha til i 1842. Da vart vøllen utlagd. Han Armund Torperud, d. e. laga mange myrteiger der frå 1855 til imot 1870. Han leide 3 svensker til å gjöra arbeidet. Her låg grøftene med 20 meters avstand. Det var alltid opne grøfter omkring myrteigane.

5) Enga heime på garden vart gjødsla med naturmökke. Men det ser ut til dei helst brukte vintergjødsla i open åker. Dei gjødsla sjelden enga om våren. Alle gamle ville ha det til at ein ikkje fekk fullgod nytte på vintergjødsla på enga om ein hadde hø ut om våren. Attåt kom det at ho var så lei å få gnudd ut og det vart mye mökkelumper i høyet. Brukte ein vintermökka ^{til eng} låg ho dyngje til hausten. Men t. d. saumökka kunne ein med store føremun bruke på enga om våren, sa dei.

6. Eng som nyss var gjødsla kalte dei «fetvøll». Høyet frå fetvøll kalte dei «fethøy». Men eg kan ikkje anna skjona en att det vart brukt om gjødsla eng anten det vart brukt vinter eller sumargjødset.

7. Er ukjent i Heradsbygda så vidt eg kan skjona.

8) Helst gjødsla ein enga om hausten
Da vart mökka lettere å kum gnu sundt
om varen.

Når ein kjorde ut mökke på enga
nytta ein ut same reidskopen som
når dei gjødsla åkeren. I bygda van-
leg mökkkjeire. På setene brukte dei
"hestengte" slaer. D. v. s. slaer der
meione var gjort av femmarkroker.
På setene kjorde ein ut mökka
frå etter slåttomma til utpåklak-
ungen (når bakken klaka) om hausten.
Alt etter som ein hadde tid.

Kjorde dei mökka ut i slaer fall de
like godt å spreide mökka ut med
det same rett frå slaen. Ellers bømte
ein i hanger og spreide etterpå.

For gammalt nytta dei grev og jern-
skodde berukuer under handteringa
av mökka. Ein hakke laus^{mökka} med grevet
og makte opp med berukua.

Det blir fortald at bonden Armund
Larperud (f. 1801 - d. 1886) var den første
som tok i bruk mökkagreip i Björset-
gunda. Han såg seg lei på den tungvinte
måten å få laus mökka på. Så fekk
han ein smed til å laga greip som
var mye lik greipa vi nå bruker.

Smeden Ener Lyringen i Björsetgunda
tok til å laga mökka greip i 1877.
Dei hadde 3 tinner. "Du hus itte hoi
lett vi tykte det vart å handtere den
harde bingmökka etter vi fekk tak
i mökkagreipa hans Ener," sa ñ Hans
Bråten. (82 år 175-1949).

Når dei hadde spreidd møkka brukte han Jens Engemon (d. 1886) å kjøre over møkkabreia med ein halvannen meter lang stokk. Frå begge ender på stokken gjekk hekktau som vart festa i ola på selan. Kjørekaren stod på ein plankende som var skjefte innpå stokken. Mokka vart falande fint smuldra på dette viset.

Vatnleg bunta dei saman busker som dei festa til skjekrane og kjørde att og fram over møkkabreia.


9) For gammalt hende det seg nok at dei vårbeita eng og utslatter. Men helst freista ein å få kua til skogen så fort det fann råd. Det var mange som meinte denne beitinga ikkje var bra for vollen. Sterleg ser det ut til at dei var redd vårbeiting. Trulegvis arva dei hadde gjort den røynta at det vart mindre høyda den sumaren. Det er det som dei gjer som årsak til dei ikkje likar vårbeiting i våre dagar her i bygda. Flaustbeiting av eng er ennå vanleg over heile bygda. På somme gardar (t. d. Løyemnd.) har eg sett dei har latt sauane få beite enga ei viss tid om våren, før dei slypp til skogs, så seint som våren 1948. Når det iblandt vart bruka vårbeiting av eng og utslatter var det skort på for om våren som dreiv dei til det.

10. Når store vårbeiting ser det aldri ut til å ha vori her i bygda. Når ein

tek unda at dei ar og til let sana
beite engar om våren ser det ein aldri
vårbeiting nytta i vår tid.

11) Tidleg om våren "gruddde" dei i rukur.
Helst så fort snøen gjekk, eller i regnvar.
Til det brukte dei ei rive. Det gjer dei
ennå. Amund Toyerud (d. y.f. 1868) kunne
hugse dei brukte ei særskild grovgjort
rive til dette i Heradsbygda. Skafket
var vel ein meter langt (ca 1,25 m
huddde han) Rivehve var grovgjort og
hadde berre nâen få stutte tinner
(Rivehve var omlag 30 cm breidd).
Fudrik Lomo hadde seter i Flatâsen.
Han Gunder Hornberg hadde vori med
han og grudd rukur ein vår. Til
dette arbeidet nytta dei ein reidskape
mye lik ei klubbe. Klubba var ein
halvkløvning så bjork, omlag 20 cm
på kvar kant. På den flate undersida
var det rifler. Skafket var vel ein meter.
Med denne reidskopen gruddde og banka
dei sundt rukurane. Han Gunder sa han
tykte denne reidskopen var beste en
riova til dette arbeidet.

Skaffe

 Klubba med rifler

12. Når skrotera overnatta i sumarsfjøs
nâr dei gjekk på beite sumarsid. Sumar-
fjøsset var bygd slik at det var lett å
sleppe kua uti skogen eller anna beite.
På sumarsfjøsset var stott ei lita
inngjerding dei kalle "kve" (ei)

I sumarfjøset var golv og båser av jord. Bene kerna; der mokka fall, var av he. Mokka måkte ein ut i ein hang utmed fjösveggen. Sumarfjös-mokka vart spridd på enga om hausten.

Kalvane hadde dei i kvea til dei vart så store at dei gjekk med i skogen. Like sumarfjös kan ein enna sjå på dei fleste gardar i Björsetgrenda. Men her har og er enna skogsbeite det vanlege. Det er difor i samband med dette dei blir nytta.

13. Ukjent.

14. -"

15. -"

16. -"

17. -"

18. -"

19). I Elveromsmålet blir nytta ordet taie og teppe. Ordet "hamning" blir nytta om beite.

Ein taler om "hamne taie". D. v. s. eit engstykke som ligg for seg sjøl, utan hus, som ein nyttar til beite. (hamning). Det blir og nytta som stadnamn på eit eller to stader ved Leivt og Strandbyggda i Elverom.

Med ei teppe meiner dei eit engstykke inni skogen. Det er brukt som stadnamn på eit par stader i Heradsbyggda. Vi har "Teppe" og "Lundteppe" i Melåsberget og Högstadgrenda i Heradsbyggda i Elverom.

20). På setha hadde dei stött inngjerda slåttemark. Setervøller dei kalte.

Dette er så gammalt i Elverom at ingen av dei som nå lever kan har hørd om næe anna.

Seterslåttenene går mye attende no. Ein synast det er for tungrikt og høyet blir kostbart. I Björsetsetha som er næraste setergrenda til Björset-gunda ^{granda} 3 av dei 12 vøllene som ikkje vart slått sumaren 1948. 7 av dei andre vøllane vart hamne oppriistaden for at dei slo han.

Setervøllene gjødsels (og gjødsels) dei kvar haust med ~~et~~ naturgjødels som blir om sumaren.

I dei siste 10 åra har mange av setereigarane i Björsetsetha kjörd heim naturgjødels på vintreføil og brukt kunstgjødels på vøllane istaden.

Om sjølve framgangs måten ved gjødsling av setervølla sjå spørsmål nr. 8.